



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 13.06.2025

Vår ref.: 202410646-4 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om løyve til nedlegging av dam Lønningsåsen i Leirvik kommune, Vestland

NVE har motteke ein søknad frå Stord kommune om løyve til å fjerne dam Lønningsåsen i Leirvik. Søknaden blir no sendt på høyring med høyringsfrist 27.08.2025.

Kva blir det søkt om?

NVE har motteke søknad frå Stord kommune, datert 07.06.2024, om løyve etter vassressurslova til å leggje ned dam Lønningsåsen i Leirvik på Stord. Dammen var tidelegare nytta som drikkevasskjelde. Dammen har ikkje lenger funksjon for kommunen og den tilfredsstillar ikkje dagens krav i damsikkerheitsforskrifta. Av omsyn til sikkerheit fekk kommunen løyve av NVE den 12.01.2022 til å la dammen stå tom i fem år i påvente av vidare plan. Kommunen ynskjer no å fjerne dammen og har søkt NVE om løyve til dette. NVE skal behandle fjerninga av damkonstruksjonen. Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9677/V.

Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 og 7 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8, jf. § 41. NVE vil presisere at konsesjonsbehandling av ein søknad om nedlegging er noko annleis enn tilsvarande behandling av nye tiltak. Hovudregelen i vassressurslova, jf. § 41 er at anlegg som eigar ikkje lenger vil halde ved like skal fjernast og området skal tilbakeførast til naturtilstand så godt det lar seg gjere.

Med bakgrunn i dette vil det normalt bli gjeve løyve til nedlegging av vassdragsanlegg. Unntak kan vere dammar som er freda etter kulturminnelova, eller der vassdragsanlegget inngår i for eksempel naturreservat.

Kva ønskjer vi innspel om?

Gjennom høyringa ønskjer NVE å få innspel om verknadene av nedlegginga for allmenne interesser. Vi ønskjer også grunngitte forslag til mildnande tiltak som kan redusere skadane ved gjennomføring av planane. Alle som har meiningar om saka, kan sende inn ei fråsegn.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Det einaste reelle alternativet til nedlegging er normalt sett at ein ny eigar tar over anlegget, jf. vassressurslova § 42. Dersom nokon ønskjer å ta over vassdragsanlegget, ber vi dykk kontakte NVE innan høyringsfristen. Ein eventuell ny eigar vil bli ansvarleg for at dammen oppfyller krava i damsikkerheitsforskrifta. Ny eigar må godkjennast av NVE.

Slik sender du inn høyringsuttale

Alle som har ei meining om saka, kan sende inn uttale på éin av følgjande måtar:

- via skjema for uttaler, som de finn på www.nve.no/9677/V
- via e-post til nve@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale 202410646» i emnefeltet, og skriv namn og organisasjonsnummer i innleiinga viss du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Frist for uttale er **27.08.2025**.

Uttalen eller delar av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Dersom uttalen dykkar er lang, er det difor ein fordel om de lagar eit samandrag som kan brukast til dette. Høyringsuttalar er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagt ut på NVE si nettside.

Til kommunen

Vi ber Stord kommune om å informere om saka på sine nettsider og ev. i sosiale medium.

Med helsing

Silje Aakre Solheim
seksjonssjef

Marianne Ask
rådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjend etter NVE sine interne rutinar.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Mottakarliste:

STORD KOMMUNE

Norges Miljøvernforbund

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV (FNF)

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

Stord vatn og avlaup - Carl Ove Larsen

Stord vatn og avlaup - Ole Dan Lundekvam

STORD KOMMUNALE EIGEDOM - ARNE BJELLAND